

GULL PÅ BØMLO.

Av Harald Breivik

Bømlo ligg på nordsida av Hardangerfjorden lengst ute mot sørvest. Dei store geologiske trekka er at berggrunnen i sør for det meste er ei blanding av eruptive og sedimentære bergartar, i nord finn ein granittiske intrusivbergartar. Dei midtre delene av øya er ein del av eit opholittkompleks. I dette området er det vi finn dei gullførande gangane. Bergarten her er for det meste lagdelt gabbro, med noko meir finkorna bergart innimellom. I utkanten av området er det ein god del Trondhemitt. Eit par stader er det danna serpentinit i tilknytning til den lagdelte gabbroen.

Dette bergartskomplekset er så seinare gjennomsett av diabasgangar. Desse gangane har verka som svaksone og fungert som «kanalar» for dei hydrotermale væskene, d.v.s. væsker som er danna i samband med vulkansk aktivitet og som har høg temperatur. Dei gullførande årene opptrer i tilknytning til diabas- og skifergangane. Gullet opptrer i «klumpar», men også spreidd utover i kvartsen og skiferen. I nokre av gangane skal det visstnok vera moglege å finna større konsentrasjonar av gull. Det aller meste av gullet skal vera funne i fast fjell. Det første gullfunnet blei gjort i 1862 av ein gutunge ved navn Ole Olsen Løkling. Han gjette smaler i utmarka på Lykling-gårdane. Han blei ikkje biten av gullfeberen, men slo seg ned på Naustbakken ved Røyksund som skomakar.

Sjølv om gullet blei nemnt av eit par geologar i perioden 1862 - 1880, var det ikkje før i slutten av 1882 at ein igjen fann gull. I dei 20 åra som var gått, var det ein god del skjerping etter svovelkis og koparkis i dette området, og det var i denne samanheng at ein på 7 m djupne tilfeldigvis fann ein stein som hang saman til tross for at ein hadde kløyvd den. Det var i »Stor-

hougen Grube» funnet vart gjort, dei som dreiv etter koparkis hadde tenkt å gi opp drifta like før gullet kom for dagen.

Gullfeberen tok dei og i oktober året etter var dei komne ned på omlag 20 m djupne, her fann dei ein stein på omlag 1/2 kubikkfot som viste seg å innehalda 1/2 kg gull til eit verde av 1.100,- kr. i den tida sine pengar.

Rykta om dette funnet spreidde seg utruleg fort og med god hjelp av avisene var gullrushet på Bømlo i gang. Optimismen var stor, det blei sagt at gullinnhaldet var langt større enn i mange av dei beste gullområda i California og Australia. I utvalde prøvar var det moglege å få konsentrasjonar på litt over 250 gr. gull pr. tonn kvarts. Her var det ikkje teke omsyn til at ein også måtte ta ut nokså mykje berg i tillegg til det som inneheldt det edle metallet. Prøvane blei som regel tekne i mindre steinmassar frå 5 kg og oppover til eit par tonn, noko som gjorde at innhaldet av gull mest alltid blei for høgt. Tek ein omsyn til alt gråberget som også måtte brytast ut for å få tak i gullet, kjem ein ned på konsentrasjonar på mellom 1 og 3 gr. gull pr. tonn stein.

Det var som nemnt ikkje direkte leiting etter gull som førte til funna, men drift på kopar- og svovelkis som også opptrer i desse gangane. Etter at ryktet om gullfunnet spreidde seg, tok det ikkje lang tid før det tømte av folk som ville prøve lukka. Både i dette området og elles på Bømlo blei det skjerpa i mest alle haugar og hamrar i håp om å finna gull. Dei aller fleste blei skuffa, berre nokre få stader blei det funne såpass mykje gull at drift blei sett i gang.

Etter ein del eigarskifte, blei »Storhougen Grube» kjøpt av eit engelsk selskap, »Oscar Gold Mining Co. Ltd.» for £ 35000 eller omlag kr. 680.000,— i norske


pengar. Gruva blei så omdøpt til Kong Oscars gang. Selskapet bygde så opp ei stor verksamd for å ta ut det gullførande kvartsen og å vinne gullet ut frå den. Gull-drifta byrja for alvor i 1883/84 og heldt fram til i 1898. Det blei så ein pause fram til i 1906, denne driftsperioden varde fram til i juli 1910. Deretter har det ikkje vore noko organisert drift.

Då drifta var på det største var det omlag 500 mann i arbeid i skjerpa, gruvene, vaskeriet og verket. På denne tida blei det også reist eit hotell, det stod like aust for Daws gang, omlag der vegen til Risvika går no. Vi kan tydeleg sjå når det største gullrushet var ved å sjå på talet på »erts-anmeldelser» hos lensmannen i Finnås, i 1883 hadde han utferda 47 stk., i 1884 heile 922 og i 1885 254. Å få ein slik »ertsanmeldelse» var ein omstendeleg prosess. Når skjerparen hadde funne fram til eit felt han meinte var drivverdig, måtte han settja opp ein slik »ertsanmeldelse» i to eksemplar og senda den til lensmannen i heradet. Meldinga i seg sjølv var svært enkel. Den inneheld berre ein kort omtale av skiftemerka for skjerpet, samt namnet på to mann som kunne påvisa desse merka i terrenget. Så snart lensmannen

hadde motteke meldinga, vart ho ført inn i protokoll med dato og klokkeslett. Eit av eksemplara vart sendt til bergmeisteren, duplikatet vart lese opp på kyrkjebakken den påfølgjande søndagen. Deretter blei »ertsanvisningen» returnert til eigaren. Han måtte då straks få den opplesen for grunn-eigaren, det måtte også vera to vitne til stades. Grunneigaren hadde ifølgje lova rett til å delta i ei eventuell drift med ein tidel.

Denne fremgangsmåten gjalt berre for funn i utmark, dersom skjerpet var gjort på innmark, måtte vedkomande ta kontakt med grunneigaren og koma fram til ein ordning med denne om pris og andre vilkår.

Før ein kunne gå i gang med drift måtte ein få løyve frå bergmeisteren, ein måtte ha ein såkalla mutesetel. Mutesetelen omtalar nøye skiftelinjene for feltet og gjev innehavaren rett til all gruvedrift innan det omtala området. Dei fleste av dei som fekk utferda mutesetlar hos bergmeisteren hadde råd til å setja i gang gruvedrift i større målestokk. Samanliknar vi talet på mutesetlar med talet på »ertsanvisninger», ser vi følgjande: I 1883 vart det utferda 22, i 1884 153 og i 1885 248 mutesetlar.



Dei »beste» gangane var følgjande:

Kong Oscars gang (Storhougen
Grube).

Harald Haarfagres gang (Bukkeskinns-
kloven).

Haugesundsgangen.

Carl Olsens gang.

Daws gang.

Hewletts gang.

Stort sett er det lite ein kan sjå av gull når ein er i desse gangane, det meste er så in-
fordelt at det berre er kjemiske analyser
som kan påvise gull i ein prøve. Dei fleste
gangane er dessutan vassfyllet, eller livs-
fårlege å gå inn i.

Etter det som eksisterer av opplysningar
om gullproduksjonen, kan følgjande tabell
setjast opp:

1883-87	28,1 kg	eller	5,6 kg/år
1888-90	51,7 kg	eller	17,2 kg/år
1891-95	41,0 kg	eller	8,2 kg/år
1896-98	15,9 kg	eller	5,3 kg/år

I driftsperioden 1906 til 1910 blei det
også teke ut noko gull, men det har ikkje
vore råd å finna ut kor mykje, berre at
det i 1910 blei funne 2,18 kg gull.

Dette gjev tilsaman ca. 138,9 kg gull.
Med ein pris på omlag 2400 kr/kg blir
verdien omlag kr. 334.000,— medan om-
kostningane nok var mange ganger denne
summen. Eg har ein stad sett at det eng-
elske selskapet hadde brukt bortimot 3,5
millionar kroner då dei gav seg i 1898.

Arbeidslønene var ikkje store den gongen,
rundt 2 kroner dagen.

I det store og heile reknar ein med at
gruvan gav noko i underkant av 7 gr gull
pr. tonn utskeida masse, eller mindre enn
2,5 gr gull pr. tonn stein teken ut av gru-
vane.

Det er ei kjennsgjerning at dei reinse- og
vaskemetodane ein nytta, var lite effektive.
Dette gjorde at det nok har runne svært
så mange kilo gull på havet. Det ligg for-
resten godt her, like utfor land er det borti-

mot 150 m djupt.

Utvinning av gull frå kvartsen.

Etterkvart som ein kom djupare, blei det
stadig vanskeligare å få opp den utbrotne
steinen. Ein nytta lenge eit såkalla haspe-
spel der ein sveiva all steinen opp frå gruva.
Deretter blei kvarts og gråstein skild, kva-
rtsen blei så køyrt over til steinknusaren
med hest. Seinare blei det noko lettare
transport ved at ein fekk dampdrivne
vinsjar og skinnegangar frå dei største
gruvene til steinknuseriet. På desse nytta
ein så traller dregne av hestar.

I steinknusaren blei kvartsen slegen sund
til passande storleik for stampebryene.
Den sundknuste kvartsen blei overført til
silo, herfrå måtte man berast over til stam-
pebryene i vaskeriet. Å »mate stampene»
var gutungane sin jobb. Stampene var jern-
stolpar på 6 m lengde med eit »hovud» av
herda stål i den nedre enden. Det stod
vanlegvis 5 slike og dunka og slo i same
stålbrya. I byrjinga var det 20 stampar i
arbeid ved verket, talet blei auka etter
kvart. Både stampene og steinknusaren
vart drivne av dampmaskinar.

Rett som det var gløymde gutungane job-
ben sin, og når bryene var tome for stein
vart det eit infernalsk bråk. Bråket til-
kalla både direktør og stigar, som regel
vart det eit skikkeleg oppgjør med gutane.
Noko særleg »akkedas» var ikkje naudsynt.
»Den hardaste påminninga var likevel red-
sla for at huset og det heile skulle ramla
ned over hovudet på oss», skal ein gamal
arbeidar ha fortalt sidan.

I stampene blei kvartsen knust til eit fint
mjøl, gjennom desse rann det stadig vatn
som førde kvartsmjølet nedover eit stort,
skråstilt bord med små renner i. Gjennom
desse rennene vart så mjølet ført ned i ei
større renne som var kledd med kopar-
plater. Koparplatene var amalgerte, d.v.s.
dei vart først vaska med fortynta saltsyre
og deretter gnidd inn med kvikksølv ved

hjelp av ein klut fukta i salpetersyre. Når det gullhaldige mjølet blei ført med vatnet over renna, batt gullet seg til kvikksølv et medan resten av kvartsmjølet for vidare. Etter at det hadde samla seg noko gullhaldig amalgam på koparplatene, tok ein desse ut og varma dei litt opp. Amalgamet løyste seg då frå koparen og kunne skrapast av. Når platene var kalde igjen, blei dei gnidde inn med kvikksølv på nytt. Amalgamet av gull og kvikksølv vart først filtert ved at ein vreid det i skinn og seglduk, kvikksølv et pipla då fram. Inni skinnen hadde ein då ei blanding av gull og kvikksølv med omlag 35 - 40% gull. Denne deigen forma ein til runde stykke på storleik som eple og putta dei inn i smeltesiglar som så vart oppvarma. Kvikksølv et vart på denne måten dampa ut, leida gjennom røyr og kondensert til kvikksølv igjen. Det reine gullet låg då igjen i digelen. Dette gjekk føre seg i laboratoriet som stod like ved vaskeriet. Det er klart at denne måten å vinna ut gullet på var lite effektiv, dette var sel-

skapet også klar over heile tida. Dei lagra difor kvartsmjølet som var vaska ikkje så langt frå vaskeriet, men i løpet av dei åra som har gått sidan gruve drifta tok slutt, har ver og vind spreidd dette over alle haugar.

I dag er det Orkla gruver som eig mutingsrettane i området. Det siste året har det gått rykte om gullfunn av noko storleik på Bømlo. Dersom det viser seg at funnet /funna er gjort innan det området Orkla gruver har hand om, kjem ein i konflikt med berglova. Det kan også nemnast at det er etterforskning i gang når det gjeld dei påståtte funna. Bergmeisteren i Hordaland er også varsla.

TIDSFRISTER NAGS-Nytt:

Nr. 4/81 : 1.11.81

Nr. 1/82 : 1.01.82

Nr. 2/82 : 1.04.82

Nr. 3/82 : 1.07.82

Nr. 4/82 : 1.10.82



STENKJELLEREN rock-shop

MINERALER, SLIPEUTSTYR, RÅSTEIN,
SKIVER, INNFATNINGER, CABOCHONER.

KATALOG tilsendes
for 10 kr. som fratrekkes bestilling.

C. ANDERSEN & Co. — A.B.C. Gaten 5.
STAVANGER — tlf. (045) 20 882